

Årsmelding 2021

Sogn og Fjordane Skogselskap





Skogdag i Balestrand

Bli med i eit solid team!
Sunnfjord Skog, Kårstad, Richard Sæle og
Biofrakt

Dette har vi oppnådd i 2021:

18 lokale ungdomar i drift med planting

Hogge og omsett 76.000m³ tømmer

Snittpris alt virke: 435kr/m³



Fjordtømmer



ÅRSMØTE TORSDAG 12. MAI 2022 MED PÅMELDING

Vi ynskjer å halde fram med rutinane for påmelding til årsmøte, og vil du delta må Ruben R. Bøtun kontaktast, enten på e-post: ruben@skogselskapet.no eller telefon: 9576 1717 seinast 9.mai.

Årsmøte på Thon Hotel Jølster, Skei, torsdag 12.05.22 kl. 10.00

Program for dagen:

- Kl. 10.00: Frammøte og kaffi
- Kl. 10.20: Opning av styreleiar Terje Engvik
Presentasjon av diplomprosjekt kring lokalt tre av Nikolina Søgner, Trevirkelaget SA
Orientering om aktiviteten i Skogselskapet ved dagleg leiar
- Kl 11.30: Lunsj
- Kl. 12.00: Årsmøtesaker
1. Årsmelding for 2021
 2. Rekneskap for 2021
 3. Fastsetjing av medlemskontingent for 2023
 4. Val og fastsetjing av tillitsvaldegodtgjersler
 5. Mogeleg synfaring i nærområde



Vel møtt til årsmøtet!

Med helsing Sogn og Fjordane Skogselskap

**Terje Engvik
leiar**

Årsmelding 2021

Sogn og Fjordane Skogselskap

STYRET

- Leiar: Terje Engvik, Vald av årsmøtet
- Nestleiar: Arnt Magne Paulen, Stryn. Vald av årsmøtet
- Styremedlem: Anders Lorentzen, Leirvik. Vald av årsmøtet
- Styremedlem: Tom Idar Kvam. Vald av årsmøtet
- Styremedlem: Erlend Herstad, Naustdal. Oppnemnd av Vestland Fylkeskommune

VARAREPRESENTANTAR

1. Jakob Devik, Gloppen. Vald av årsmøtet.
2. Inge Rolf Torstad, Sogndal. Vald av årsmøtet.
Tore Fossen, Førde. Oppnemnd av Vestland Fylkeskommune

MELDING FRÅ STYRET 2021

ORGANISASJONEN

Sogn og Fjordane Skogselskap er tilslutta Det norske Skogselskap og skal etter føremålsparagrafen i vedtektene fremje forståing av skogen sin mangesidige verdi og arbeide for eit godt skogbruk. Planeskuleeigedommen på 685 dekar på Brandsøy i Kinn er skogselskapet sin base og forretningsadresse.

MEDLEMMER

I 2021 fekk Sogn og Fjordane Skogselskap ein medlemstilgang på 110, medan 3 gjekk ifrå. Ved utgangen av året var det 273 medlemmer, fordelt på 125 livsvarige og 155 årleg betalande. Det var ein netto framgang på 107 (64%). Sogn og Fjordane Skogselskap har 1 æresmedlem.

STYREARBEIDET

Styret har halde 3 møte og handsama 24 saker, blant desse plasseringa av salssummen frå I 17. Vidare har det vore arbeid med økonomioppfølging, prosjektoppfølgning, Borregårdsmiddela, samarbeid mellom skogbruket og skogselskapsorganisasjonen og eigedomsforvaltning.

TILSETTE

Sogn og Fjordane Skogselskap har ved utgangen av 2021 4 tilsette, to skogsvegplanleggarar 60% og 100% stilling, dagleg leiar i full stilling og seniorrådgjevar i 50% stilling.

DET NORSKE SKOGSELSKAP

Landsmøtet i Det norske Skogselskap vert arrangert annakvart år. Neste planlagde årsmøte er 1. juni 2022. Dei tilsette i alle fylkeslaga hadde ei samling på Gardermoen 16. - 17. november, og deretter var det rådsmøte frå 17. - 18. november. Her deltok ein frå administrasjonen, og styreleiaren på rådsmøte.

REKNESKAPEN FOR 2021

Resultatrekneskaper er gjort opp med eit overskot på kr. 165.885, mot kr. 66.618 i 2020. Bokført eigenkapital ved utgangen av året var kr. 25.476.764. Resultatoppgangen skuldast i fyrste rekke sal av industriareal. Vinteren 2021 vart salet av 35 dekar landareal til industriformål gjennomført som ga oss ei inntekt på kr. 22.023.00. Desse midlane vert frå sommaren 2021 investert i obligasjonsfond (20%), pengemarknadsfond (20%), langsiktig bankinnskott (10%) og indeksfond aksjar (50%). Aksjekjøpa skjer månadleg over eit år av risikoomsyn. Ved nyttår var avkastinga på 2,1%.

EIGEDOMEN PÅ BRANDSØY

Eigedommen på Brandsøy representerer ein stor ressurs for Sogn og Fjordane Skogselskap på fleire vis. Eigedommen er ei grøn lunge utanfor byen, som genererer

inntekter for skogselskapet gjennom utleige til golfbane og hestesport. Vidare er eigedommen ein god base for å arbeide for måla og verdiane til skogselskapet. Med lokalisering nær Florø by, eigen skog, strandlinje og grønne aktivitetar på eigedommen ligg tilhøva godt til rette for å drive informasjonsverksemd om skog og leggje opp til aktivitetar for unge.

PROSJEKTSATSINGAR

Prosjekt skogkulturmotivasjon 2021 vart vellukka gjennomført med Sogn og Fjordane Skogselskap som prosjektansvarleg. Arnt Laukeland var leigd inn og arrangerte skogdagar/kveldar og dreiv oppsøkjande verksemd mot skogeigarar som hadde avverka skog utan å syte for skogkultur etterpå. Svein Saure og/eller Ruben R. Bøtun var også aktiv deltakar på dei fleste av fagarrangementa. Det vart arrangert 29 fagarrangement med eit deltakartal på i alt 405, 3 av desse arrangementa var digitale. Etter ynskje frå Statsforvaltaren i Vestland satsast det meir i Hordaland-regionen enn tidlegare, og fekk gjennomført 6 skogdagar der. Skogselskapet planlegg nytt prosjekt i 2022.

Prosjekt skogsvegplanlegging: Prosjektet hadde sitt fjerde driftsår i 2021. Den eine planleggaren gjekk ned til 60% stilling frå april 2020, og den nye daglege leiaren har arbeida som vegplanleggar for å prøve å fylle dei to stillingane med vegplanlegging som vi har midlar til. Kapasiteten til dei to planleggarane har vore fullt utnytta med planleggingsoppdrag i Vestland fylke. Vår eldste tilsett går av med pensjon i april 2022, og det blir lyst ut ny stilling vinteren 2022. Det har vore halde fleire digitale prosjektmøte i lag med Statsforvaltaren for å følgje opp prosjektet. I november deltok to frå Skogselskapet på Dagsamling Veg i Kristiansand. Med ny vegplanleggar, og noko auka innsats på vegplanlegging i 2022, vonar vi at det blir gode resultat av prosjektet dei kommande åra.

Prosjekt korte kurs i skogbruket: Med finansiering frå Vestland Fylkeskommune gjennomførte Skogselskapet i vintersesongen 2020/2021 ein kursserie med aktuelle tilbud til skogeigarar og skoginteresserte. Det vart gjennomført 10 appteringskurs/kappekurs, 6 plantedagar, 3 digitale skogkveldar for nye skogeigarar, 1 skogfondkurs og 1 motorsagkurs for ungdom. Totalt var det 281 deltakarar fordelt på dei 21 kursdagane.

Arrangement mot ålmenta: Med meir ressursar i Skogselskapet kunne det satsast meir på arrangement ut til ålmenta. Det starta med markering av FN's Internasjonale Skogdag 21.mars, der Ruben og Svein var på Brandsøyåsen med bålpanne, kaffi og natursti. Elles vart det gjennomført 5 skuleskogdagar og

markering av den store plantedagen på våren for om lag 110 skuleborn. På hausten blei det gjennomført 6 skuleskogdagar i Sogn, Sunnfjord og Nordfjord for 117 skuleborn.

Det vart søkt ekstra midlar til familiedagar med stubbe-konsert sommaren 2021. Prosjektet fekk tildelt midlar frå bl.a. Gjensidigestiftinga, Vestland Fylkeskommune, Statsforvaltaren og kommunar. Mellom 17. juni til 7. august blei det arrangert 7 familiedagar med stubbe-konsert rundt om i Sogn og Fjordane, her deltok mellom 400-450 deltakarar.

Vestland Skognæringsforum: Skogselskapet mottek midlar frå Kystskogbruket for å vere sekretær i Vestland Skognæringsforum, som er ein interesse-organisasjon for skognæringa på Vestlandet. Her har det blitt gjennomført nettverksmøter for alle regionane i stor-

fylke, og vi fekk også presentert oss for Utvalet for Næring i Vestland Fylkeskommune i april 2021. 5. oktober vart det haldt ein fagdag i Nesttun i Bergen for 36 deltakarar.

SKOGSELSKAPET – VIDARE UTVIKLING OG SAMARBEID

Etter gjennomført sal av industriarealet og tilsetjing av ny dagleg leiar, har Sogn og Fjordane Skogselskap fått moglegeheita til å satse endå meir på aktivitetane sine. Den store medlemsauken er gledeleg, og Skogselskapet vonar å halde fram med den gode rekrutteringa også i 2022. Skogselskapet tek sikte på å føre vidare det næringsretta prosjektarbeidet til det beste for framtidsskogen og næringsutøvarane, spesielt med fokus på skogkultur og opplæring av plantearbeid. Vi vil halde fram med aktiviteten over heile Vestland fylke og samarbeide godt innan skogselskaps-familien. Ut mot ålmenta vil vi halde fram med tilboda til familiar og born og unge.

Kalvåg 4. mars 2022


Terje Engvik


Arnt Magne Paulen


Jakob Devik


Anders Lorentzen


Erlend Herstad



Styret i Sogn og Fjordane Skogselskap.

RESULTATREKNESKAP PR. 31.12.2021

SOGN OG FJORDANE SKOGSELSKAP

INNETEKTER	2021	2020
Diverse tilskot	38.337	15.000
Plantesal	16.850	16.976
Sal av diverse utstyr	99.351	1.504
Sal av tenester	114.300	6.500
Tilskot til prosjekt	3 081.454	2 119.539
Festeavgift	120.000	120.000
Jorddeponi	0	40.000
Diverse leigeinntekter	356.810	307.702
Medlemspengar	45.650	10.500
Info-avgift	8.750	9.450
Momskompensasjon	24.106	17.994
Erstatning	91.045	0
Kursavgift PEFC	25.257	
Diverse inntekter	3.340	0
Sum inntekter	4.025.250	2.665.165
UTGIFTER		
Løn, administrasjon m.m.	2.812.595	2.019.633
Plantekjøp	12.358	12.083
Innkjøpte tenester	431.260	265.652
Plantekurs og planteutstyr	133.635	0
Stubbekonsert	88.228	0
Straum, eigedomsskatt, forsikringar	199.029	139.651
Verktøy, rekvisita, vedlikehald	80.532	46.294
Vedlikehald uteareal	3.592	1.493
Kontingent DnS	21.400	17.800
Avskrivningar	73.680	63.680
Andre driftskostnadar	66.130	83.616
Sum andre driftskostnadar	1.109.844	630.269
Sum driftskostnadar	3.922.439	2.649.902
Driftsresultat	102.811	15.263
Finansinntekter og finanskostnadar		
Renteinntekter	34 035	16.798
Utbytte	7 566	7.499
Verdiauke aksjar	21 509	27.064
Rentekostnad	-36	- 6
Netto finanspostar	63.074	51.355
Resultat Sogn og Fjordane Skogselskap	165.885	66.618
Sal av industritomt	22.023.900	
Overføring til/frå eigenkapital		
Resultat overført eigenkapital	22.189.785	66.618
Sum overføringar	22.189.785	66.618

BALANSE PR. 31.12.2021

SOGN OG FJORDANE SKOGSELSKAP

EIGEDELAR		2021	2020
Anleggsmidler:			
Maskiner, traktor Brandsøy Planteskule pr. 01.01.	242.040		
- avskrivning	73.680	168.360	242.040
Brandsøy Planteskule, tomt m.m.		299.948	299.948
Sum anleggsmidler		468.308	541.988
Omløpsmidlar			
Kundefordringar		382.427	519.583
Til gode skogfond		6.236	6.236
Andelskapital AT-Skog		5.291	5.291
Aksje- og rentefond		15.531.000	0
Aksjar Skogbrukets Konferansesenter AS		117.727	96.218
Aksjar Ytre Sunnfjord Holdning AS		68.107	68.107
Kassabehaldning		0	90
Bank		10.274.364	2.470.479
Sum omløpsmidlar		26.385.152	3.078.636
Sum egedelar		26.853.460	3.620.624
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Eigenkapital pr. 01.01.	3.286.979		
Årets resultat	22.189.785	25.476.764	3 286.979
Sum eigenkapital		25.476.764	3.286.979
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		142.155	17.541
Offentlege trekk og avgifter		97.657	93.867
Anna kortsiktig gjeld		411.884	222.237
Avsett tilskot korte kurs		725.000	0
Sum kortsiktig gjeld		1.376.696	333.645
Sum eigenkapital og gjeld		26.853.460	3.620.624

Kalvåg 4. mars 2022


Terje Engvik


Arnt Magne Paulen


Jakob Devik


Anders Lorentzen


Erlend Herstad

Revisjonsmelding

Underteikna har gjennomgått rekneskap med tilhøyrande lister og bilag for Sogn og Fjordane Skogselskap, Brandsøy Planteskule, Brandsøy Planteskule eigedom, og Prosjekt veiplanlegging

Rekneskapen er gjort opp med eit overskot på kr 165 885,-

So langt vi ser er rekneskapen ført etter dei reglar som gjeld og etter god rekneskapsskikk.

Vi kan tilrå at framlagt rekneskap vert vedteken som Sogn og Fjordane Skogselskap sitt årsresultat for 2021

Mo 25. 03. 2022.


Anders Hestad


Jarl Henrik Devik

BORREGAARDS SKOGREISINGSFOND

Fullplanting, med lån frå Borregaards Skogreisingsfond, er avslutta.

Kring 46 000 daa kulturskog av gran er planta til med lån frå fondet, og samla lånesum var 1,7 mill. kr.

Ved førre årsskifte var samla lånesum kr 402.420 fordelt på 51 lån.

Behaldning rentemidlar då året tok til var kr 480.414,58.

Renteinntekta for året var kr 961,-. Behaldninga ved årets slutt var kr 481.375,58.

Det har ikkje vore utbetalingar frå fondet i 2021.

AKTIVITETSRAPPORT FRÅ BRANDSØY 2021

For ny dagleg leiar på Brandsøy var det ein del å sette seg inn i, i starten av 2021. Bygningar og eigedom skal haldast i hevd, oppryddinga etter planteproduksjonen skal halde fram og vedlikehaldsarbeidet starta allereie i januar etter ein større vasslekkasje i driftsbygningen.

Med ein dagleg leiar som er fulltids tilsett, var det moglegheiter for å søkje midlar for nye prosjekt. Føremålsparagrafenvår er å fremje skogens mangesidige betyding, som verdiskapar for friluftsliv, helse samt som avgjerande i klimakampen og for eit godt skogbruk. Og ut ifrå det har det blitt arrangert fleire skuleskogdagar der det har vore fokus på bruk av skog/tre og treprodukt, og arrangement ut mot ålmenta, både vi som arrangør, og som deltakarar på andre arrangement.

Grunna koronapandemien har vi tatt i bruk digitale løysingar, både når det gjeld kommunikasjon med samarbeidspartnarar, kursarrangement og internt i Sogn og Fjordane Skogselskap. Truleg blir dette meir vanleg sjølv når samfunnet opnar meir og meir i tida framover.

EIGEDOMEN

I januar 2021 var det ei vasslekkasje i eine garderoben i driftsbygningen, noko som gjorde at det krevde ein del vedlikehald. Elles mindre reparasjonar på traktor arbeid ute på eigedommen etter noko vindfall. Det vart leigd container som gjorde at me fekk fjerna ein del avfall frå eigedommen, sjølv om det er mykje opprydding etter den nedlagte planteproduksjonen enno.

KONTAKT MOT SKULAR OG ÅLMENTA

Med meir ressursar i Skogselskapet kunne det satsast meir på arrangement ut til ålmenta. Det starta med markering av FNs Internasjonale Skogdag 21.mars, der Ruben og Svein var på Brandsøyåsen med bålpanne, kaffi og natursti. Elles vart det gjennomført 5 skuleskogdagar og markering av den store plantedagen på våren for om lag 110 skuleborn. På hausten blei det gjennomført 6 skuleskogdagar i Sogn, Sunnfjord og Nordfjord for 117 skuleborn.

På sommaren arrangerte Skogselskapet 7 familiedagar med stubbekonsert rundt om i Sogn og Fjordane. Totalt deltok om lag 450 personar. Den første familiedagen med stubbekonsert var i Sogndal 19.juni, og den siste i Nordfjordeid 7.august. Vi vonar at det blir ein ny runde i 2022.

PROSJEKT

Skogselskapet er prosjektansvarleg for 3 næringsretta skogfaglege prosjekt; Skogsvegprosjektet, Prosjekt skogkulturmotivasjon som begge er i hovudsak finansiert av Statsforvaltaren i Vestland, og Korte Skogbrukskurs som er delfinansiert av Vestland Fylkeskommune.

I vegprosjektet blir det jobba med til saman: 68 ulike vegprosjekt i Vestland fylke. Her tilbyr skogselskapet gratis rettleiing for skogeigarar som er interesserte i å bygge skogsbilveg for å drive skogen.

Gjennom skogkulturprosjektet og korte kurs arrangerte vi 44 fysiske skogdagar rundt om i Vestland, og 6 digitale skogkveldar.

Grunna utfordringane med å få utanlandsk arbeidskraft inn i landet i april/juni 2021, hadde skognæringa eit stort behov for norsk arbeidskraft når plantesesongen starta. Skogselskapet bidrog med organisering av planteopplæring og oppfølging av plantørane.

SKOGSDRIFT

Det blei ikkje averka noko skog på eigedommen i 2021, men fjerna noko vindfall.

DRIFT AV EIGEDOMEN

Utleige: Vi leiger ut areal til Sunnfjord Hestesport senter, Florø Golfklubb og to mindre leigetakarar i område. Golfklubben har nyleg fått godkjent ei 6 hol bane. Våningshuset er bortleigd, og i driftsbygninga leiger Kinn kommune eit arbeidsrom, resten er nytta til eige drift og utleige av lageroppald.

PLANTELEVERING

I 2021 leverte vi 900 fjelledelgran og 1400 gran.

MØTER OG SAMLINGER

Det vart arrangert eit medlemsmøte i 13. november der trekunstnaren Øyvind Haram frå TreFint hadde eit innlegg om si verksemd, og dagleg leiar orienterte om Skogselskapets arbeid i 2021. Dette vart også direkte sendt over internett. 11 personar deltok på samlingsa på Brandsøy. Etter faginnhaldet var det middag og felles arbeidsoppgåver.

Den 13. desember var det juleverkstad på Brandsøy, der 4 familiar møtte opp for å lage julepynt av tre og treprodukt. Det vart servert både julekaker og solbærtoddy varma over bålet.

Elles har dagleg leiar delteke på månadlege digitale møter med Det Norske Skogselskap og andre fylkeslag. Svein deltok på tilsettesamlinga i november i Oslo, og styreleiaren deltok på rådsmøtet på same tida. Dagleg leiar deltok også på landbrukskonferansen på Voss på hausten.



Skuleskogdag på planteskulen i Brandsøy.

PROTOKOLL FRÅ ÅRSMØTET I SOGN OG FJORDANE SKOGSELSKAP PÅ BRANDSØY PLANTESKULE 28. MAI 2021 KL 12.30.

I alt deltok 19 personar på årsmøtet.

SAK 1 – OPNING

Styreleiar Terje Engvik ynskte velkomen til årsmøte på Brandsøy. Det var ingen merknadar til innkalling og sakliste. Terje Engvik vart vald til møteleiar, Ruben Bøtun til referent. Til å skrive under protokollen vart Halvor Brosvik og Jan Myklebust valde.

Sidan førre årsmøte i 2020 har medlem og tidlegare skogmeister i Fjaler, Jon Jorde gått bort. Terje Engvik heldt minneord og det vart markert med eit minutt stillheit.

Det vart orientert om Olai Tefre som ikkje hadde mogelegheit til å delta pga ei fallulykke, og det vart fremja forslag om at årsmøtet sender ei helsing. Det var einigheit om forslaget.

SAK 2 – ORIENTERING OM DRIFTA I SKOGSELSKAPET VED DAGLEG LEIAR

Ruben Bøtun informerte om prosjektsatsingane som er vidareført frå tidlegare år, som Korte Kurs, Motivasjonsprosjekt i skogkultur og Skogsbilvegprosjektet. Arnt Laukeland orienterte meir om korte kurs og motivasjonsprosjektet. Det har vore stor interesse i år, spesielt i kappekurs og både deltakinga og sjølvhogstaktiviteten har vore stor i vinter. Noko som er nytt frå i år er digitale skogkveldar for nye skogeigarar. Dette førte til mange nye medlemmer. Den siste tida har det også våre mange plantedarar med fokus på opplæring for dei nye plantørane.

Det har vore eit fokus på å nå ut til ålmenta med skogdagar, og det planleggast 6 stubbekonsertar (publikum sitt på trestubbar) rundt om i Sogn og Fjordane, kombinert med ein aktivitetssdag i skogen for bom og unge. Det jobbast også med eit naturstiprosjekt i regi av Det Norske Skogselskap med å få opp naturstiar rundt om i Noreg.

Dagleg leiar har også sekretær-rolla i Vestland Skognæringsforum, og arrangerte ein del nettverksmøter for verksemdar i deler av Vestland. Skognæringsforumet er eit organ under Kystskogbruket, og har eit mål om å auke verdien på skognæringa i Vestland.

11. november 2021 opnar ViteMeir, eit vitensenter, på Kaupanger, og Skogselskapet har vore i samtalar med vitensenteret for å sørge for at det er fokus på skog og tre på viten senteret.

Etter orienteringa følgde ein spørsmålsrunde og debatt med innlegg frå Merete Larsmon, Svein Saure, Halvor Brosvik, Anders Lorentsen, Terje Engvik, Arnt Magne Paulen og Leiv Sølvsberg.

SAK 3 – ÅRSMELDINGA 2020

Årsmeldinga vart sendt ut ilag med innkallinga, og styremeldinga vart gjennomgått av Terje Engvik.

Årsmeldinga vart samrøystes godkjent.

SAK 4 REKNESKAP FOR 2020

Terje Engvik gjekk gjennom hovudtal frå rekneskapen. Anders Hestad refererte revisjonsmeldinga.

Rekneskap vart samrøystes godkjent.

Etter orienteringa om årsmelding og rekneskap for 2020 hadde følgjande ordet: Halvor Brosvik, Merete Larsmon, Asle Lyslo, Svein Saure, Dag Heggheim, Martin Braanaas, Leiv Sølvsberg og Sverre Hestad.

SAK 5 –

FASTSETJING AV MEDLEMSKONTINGENT FOR 2022

Det blei lagt framlegg om uendra kontingent på kr 350 kroner, og innføring av familiekontingent på kr 500 med ei stemme pr. familie i Sogn og Fjordane Skogselskap. Det vart stilt spørsmål for hensikta, og Svein Saure svarte at det er ein del midlar som vil løysast ut om me kan vise til yngre medlemmar i medlemsmassen vår.

Framlegget om uendra kontingent og innføring av familiemedlemskontingent på 500 kroner vart einstemmig vedtatt.

SAK 6 – VAL OG FASTSETJING AV TILLITSVALDE- GODTGJERSLER

Innstillinga frå valnemnda vart opplest av leiar i valnemnda Leiv Sølvsberg.

Styremedlem på val for 3 år: Nils Joachim Knagenhjelm hadde sagt ifrå seg attval, Tom Idar Kvam var valt.

Styreleiar: Attval på Terje Engvik

Nestleiar: Attval på Arnt Magne Paulen

Varamedlem: Attval på Jakob Devig

og 2.vara Inge Rolf Torstad

Revisorar: Attval på Anders Hestad og Jarl Henrik Devik.

Ingen bad om ordet i samband med vala, og kandidatane som valnemnda hadde gjort framlegg om, var valde ved akklamasjon.



Stubbekonsert og familiedag i Nordfjordeid.

1 valnemnda gjekk leiaren Leiv Sølvberg ut etter 3 års funksjonstid. Som ny medlem etter Sølvberg vart Magnus Moe samrøystes vald.

Valnemnda gjorde framlegg om justering av satsar for godtgjersle til tillitsvalde:

Fast årleg leiargodtgjersle: auke frå 10 000 kroner til 12 000 kr

Styremedlem: auke frå 2000 kroner pr møtedag til 2300 kroner

For nettmøte (Teams): Halv møtegodtgjersle.

Reise etter statens satsar.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Etter vala på årsmøtet har styret denne samansetninga:

Terje Engvik, leiar (på val som styremedlem i 2022)
Amt Magne Paulen, nestleiar (på val som styremedlem i 2022)

Anders Lorentzen, styremedlem (på val som styremedlem i 2023)

Tom Idar Kvam, styremedlem (på val som styremedlem i 2024)

Erlend Herstad (oppnemnd av fylkeskommunen)

Varamedlemmer (på val kvart år):

1. vara: Jakob Devik

2. vara: Inge Rolf Torstad

Personleg varamedlem for Erlend Herstad: Tore Fossen (oppnemnd av fylkeskommunen)

Valnemnda er etter vala sett saman av: Jon Otto Skålbo-nes (leiar), Arne Kristian Borger og Magnus Moe.

Møteslutt ca. 14.40, og det var synfaring på eigdommen før servering av middag.


Halvor Brosvik


Jan Myklebust


Terje Engvik


Ruben Bøtun

Skogbruket i Sogn og Fjordane 2021

FYLKESMANNEN I VESTLAND

KONTAKTPERSON

E-POST

Dirk Kohlman

fmhodkt@statsforvalteren.no

Gro Kamp Hansen

grkha@statsforvalteren.no

Torkel Hofseth

fmsftmh@statsforvalteren.no

Torleif Skage

tskag@statsforvalteren.no

Torgrim Østgård

toost@statsforvalteren.no

Turid D. Eikås

fmsftdi@statsforvalteren.no

KOMMUNE

KONTAKTPERSON

EPOST

Sogndal, Luster, Aurland

Arne Kristian Borger

arne.kristian.borger@luster.kommune.no

Lærdal, Årdal

Bremanger

Bjørn H Marthinussen

bhm@bremanger.kommune.no

Solund

Halvor Brosvik

halvor.brosvik@gulen.kommune.no

Sunnfjord

Henning Malones

Sverre.Henning.Malones@sunnfjord.kommune.no

Sogndal

Finn Olav Myhren

finn.olav.myhren@sogndal.kommune.no

Kinn

Jan Osa

jan.osa@kinn.kommune.no

Askvoll, Fjaler

Johannes Folkestad

johannes.folkestad@askvoll.kommune.no

Askvoll, Hyllestad

Kenneth Aaland

kenneth.aaland@askvoll.kommune.no

Vik, Høyanger

Christian A. Dybro

christian.achilleas.dybro.karkalatos@sogndal.kommune.no

Gloppen

Karoline Bjerkeset

karoline.aldis.bjerkeset@gloppen.kommune.no

Gloppen

Lindis B Østgård

Lindis.Ostgard@gloppen.kommune.no

Kinn

Jon Anders Stavang

Jon.Anders.Stavang@kinn.kommune.no

Sunnfjord

Oddbjørn Sellevoll

Oddbjorn.Kare.Sellevoll@sunnfjord.kommune.no

Stad

Stryn og Gloppen

Bjørnar Eikenes

bjornar.eikenes@gloppen.kommune.no

ÅRSMELDING FOR SKOGKULTUREN I SOGN OG FJORDANE 2021

Likeins med det førre året blei også 2021 råka av mangel på arbeidskraft i skogen, spesielt på våren og i nokon grad på hausten. Det blei difor via media proklamert eit visst behov for arbeidskraft til skogplanting som umiddelbart ga ein sterk respons frå heile landet då NRK lagde ei sak som gjekk ut nasjonalt. Det var særst gledeleg å sjå at mange ungdommar fekk prøve seg som plantørar etter «audition» med plantedagar som blei organisert av Skogselskapet. Nokre hadde erfaring med planting i 2020, og ein god del var nye. I tillegg tok den eldre garde opp att gamle kunstar med plantespettet, og danna plantegjengar som blei engasjerte av både AT Skog og Fjordtømmer.

Totalt i Vestland fylke blei det registrert om lag 825 000 plantar i nyplantingar, med suppleringsplanting inkludert kjem vi like i overkant av 900 000 plantar. I Sogn og Fjordane blei det registrert totalt 462 446 plantar til supplerings- og nyplanting. Statsforvaltaren er overraska over at ein god del skogeigarar ikkje har søkt om tilskot eller bruk av skogfondsmidlar. Ved overgangen til 2022 var det framleis om lag 100 000 plantar i heile Vestland som vi og næringsaktørane veit er utplanta i 2021, det ikkje er søkt om. Dette etterslepet må vi ta med oss inn i 2022. Vi har heller ikkje tal på kor mange som hadde hatt rett til det ekstraordinære tilskotet på 1,50 kr/plante, men vi frykter store mørketal ettersom fristen for utbetaling var 1. september 2021, og mange av vårplantingane ikkje blei søkt om før seinare på hausten, eller framleis ikkje er søkt om.

Basert på det offisielle plantetalet vi har registrert i 2021, så er det ein trend dei siste åra at ein god del skogeigarar plantar sjølve. Dette ser vi som særst positivt. Før covid låg delen eigenaktive skogeigarar som planta sjølve kring 10 %, i 2021 blei dette talet nærare 40 % for heile Vestland. Dette er altså reint plantesal til skogeigarar som organiserer plantingane sjølve, ofte med vener og slekt som arbeidskraft. Forhåpentlegvis vil dette gjere at skogeigarane får ein eigarskap til feltet dei har planta, og følgjer opp utviklinga i åra framover.

Grunna mangel på arbeidskraft dei siste åra har vi uforløyst resultatoppnåing innan skogkultur, men det er vanskeleg å talfeste dette. Vi opplever likevel at foryngingsproblematikken er noko næringa tek på alvor. Betre system i samhandling mellom kontraktssinngåing for tømmerkjøp og skogkultur blir integrert, og skogkultur er ikkje lenger noko ein tek tak i når sesongen nærmar seg. Eit forhaldsvis stort og uforløyst potensiale er avdekket ved ein gjennomgang av foryngingskontrollane til kommunane. I desse kontrollane blir skogeigarar kontakta tre år etter hogst med spørsmål om kvifor dei ikkje har forynging arealet.

Sidan 2013 gjeld det 1800 daa, altså kring 450 000 plantar som ikkje er sett ut hjå skogeigarar som ønskjer planting. Ein artikkel om dette ligg på Statsforvaltaren i Vestland si nettside, og det jobbast no med å få plantane i jorda hjå desse skogeigarane.

Eit viktig arbeid framover er å betre overlevingsraten i plantefelta, den er jamt over ikkje god nok. I mange tilfelle forsvinn for mange plantar, noko som gjer at suppleringsplanting er naudsynt. Dette er økonomisk sett korkje bra for skogeigaren eller staten. Fråfallet er eit samansett problem, og vi ønskjer å sjå nærare på overlevingsraten for M60-planter kontra M95-planter. Hypotesen blir altså om store plantar greier seg betre enn mindre plantar på Vestlandet? Det skjer stadige endringar i teknologien innan plantebeskyttelse, og i 2022 kjem det Latex-behandla plantar og også plantar med ei sand- og limblanding som påførast. Dette er vern mot snutebilla, som vi trur er den største skadegjeraren i foryngingsfeltet.

Ungskogpleiedelen har i mange år vore lav, og det er ei semje mellom næringsaktørar og forvaltning om at denne må aukast. Plantetalet i Sogn og Fjordane skaut fart i 2013 og åra framover, då hogstkapasiteten auka etter Dagmar-oppryddinga. I desse feltet er no lauvet i ferd med å gro forbi grana, som er 3-4 m høg. Om ikkje areala til no har vore enkle å finne, burde det vere lettare i dag, og bodskapen blir spreidd på skogdagar og under oppsøkjande verksemd. I Indre Sogn blei det gjort ein god jobb i 2021 trass mangel på arbeidskraft, heile 85 % av ungskogpleiearealet i Sogn og Fjordane i 2021 er gjort her.

Underteikna gjorde i mai ein rundtur i Gloppen kommune på 2013-plantingar, og det synte stort behov for ungskogpleie på så å seie alle felt eg var innom. Det var ofte lågt plantetal, ned mot 160 gran/daa, så framtidstrea er allereie bestemt utan moglegheit å regulere vekk til dømes dobbelttoppar eller andre kvalitetsfeil. Ein hemske for mange areal er diverre manglande midlar på skogfond, det har vore trekt for lite etter hogst, og planting/supplerings har teke heile potten. Gode tilskotssatsar vil kunne bøte på dette.

Ein annan interessant ting ved skogkulturen er sjølvforynging av sitkagran som skjer i ulik grad, vi tenkjer då på foryngingshogstar. Sidan 2014 er det hogd ca 350 000 m³ med sitkagran i heile Vestland, medan arealet som er tilplanta med sitka er særst lite. Det sprutar ofte opp eit «teppe» med sitka etter hogst, men er denne naturlege forynging god nok? Dei seinare åra har sitka oftast blitt levert som emballasjevirke med små krav til tømmerkvalitet, og feltet har difor låg del massevirke. Vi veit også at sitka er eit godt skurtømmer på

linje med vanleg gran, så det blir viktig å følge opp arbeidet med å få opp att god kvalitetsskog av sitka, om det er med planting eller sjølvforynging. Sjølvforynga sitkagran krev god kunnskap om stell i åra etterpå, men kan då gi god kvalitetsskog.

Sogn og Fjordane skogselskap har dei siste åra arbeid i lag med AT Skog, kommunane i Vestland og Statsforvaltaren for å auke kunnskap om og kvalitet i foryningsarbeidet i skogen. Dette gir stor oppslutning med

gode resultat, og vi vil forsette med det. Vi rår alle skogeigarar til å søke kunnskap og vere med på skogdagar og fagkveldar om skogbruk. Skogreisingstida gir resultat i stadig større mengder hogstmogent tømmer, og vi begynner å sjå dette allereie i dag. Dei neste åra kjem til å bli ei spennande tid for skogbruket i Vestland.

*Torggrim Østgård, Seniorrådgjevar
Statsforvaltaren i Vestland*

NYPLANTING OG SUPPLERINGSPLANTING 2021

KOMMUNE	TILTAK		ANTALL	AREAL	KOSTNAD	TILSKUDD
4602 - Kinn	Totalt 120	NYPLANTING	7 290	80	45 369	30 254
4635 - Gulen	Totalt 120	NYPLANTING	7 700	32	57 985	25 828
4637 - Hyllestad	Totalt 120	NYPLANTING	4 750	23	34 381	16 225
4638 - Høyanger	Totalt 120	NYPLANTING	3 600	14	27 180	11 627
	Totalt 130	SUPPLERINGSPLANTING	2 500	25	20 875	12 525
4639 - Vik	Totalt 120	NYPLANTING	43 945	207	287 193	132 659
4640 - Sogndal	Totalt 120	NYPLANTING	5 000	28	29 250	14 331
	Totalt 130	SUPPLERINGSPLANTING	800	27	5 690	3 414
4644 - Luster	Totalt 120	NYPLANTING	46 350	174	356 360	178 178
4645 - Askvoll	Totalt 120	NYPLANTING	2 000	10	13 250	7 800
4646 - Fjaler	Totalt 120	NYPLANTING	48 620	239	316 925	138 269
	Totalt 130	SUPPLERINGSPLANTING	1 000	10	5 850	5 770
4647 - Sunnfjord	Totalt 120	NYPLANTING	152 910	646	988 823	620 795
	Totalt 130	SUPPLERINGSPLANTING	13 525	97	105 328	57 825
4648 - Bremanger	Totalt 120	NYPLANTING	3 000	12	20 550	14 310
4649 - Stad	Totalt 120	NYPLANTING	54 575	261	390 564	199 027
	Totalt 130	SUPPLERINGSPLANTING	7 400	76	61 800	30 899
4650 - Gloppen	Totalt 120	NYPLANTING	29 975	156	205 722	108 489
	Totalt 130	SUPPLERINGSPLANTING	8 050	45	59 687	28 577
4651 - Stryn	Totalt 120	NYPLANTING	16 460	129	106 679	65 706
	Totalt 130	SUPPLERINGSPLANTING	2 250	24	15 312	375

UNGSKOOGLEIE 2021

KOMMUNE	TILTAK	AREAL	KOSTNAD	TILSKUDD
4639 - Vik	Totalt 133 UNGSKOOGLEIE	5	3 500	2 450
4640 - Sogndal	Totalt 133 UNGSKOOGLEIE	122	78 700	55 090
4644 - Luster	Totalt 133 UNGSKOOGLEIE	207	107 850	53 925
4647 - Sunnfjord	Totalt 133 UNGSKOOGLEIE	35	25 000	12 500
4650 - Gloppen	Totalt 133 UNGSKOOGLEIE	30	32 095	16 047

ANDRE SKOGKULTURTILTAK 2021

KOMMUNE	TILTAK	ANTALL	AREAL	KOSTNAD	TILSKUDD
4639 - Vik	Totalt 141 KUNSTIG KVISTING	0	0	10 500	5 250
4640 - Sogndal	Totalt 101 MARKBEREDNING	0	0	23 800	11 900
	Totalt 125 ETABL.JULETREPROD	500	500	8 050	
4642 - Lærdal	Totalt 125 ETABL.JULETREPROD	150	150	3 545	
4647 - Sunnfjord	Totalt 011 GJØDSLING FASTMARK	1 800	1 800	8 540	
	Totalt 100 FLATERYDDING	0	0	3 000	1 500
	Totalt 125 ETABL.JULETREPROD	2 600	2 600	38 425	3 900
4649 - Stad	Totalt 125 ETABL.JULETREPROD	500	500	5 700	750
4650 - Gloppen	Totalt 003 GRØFTE-/BEKKERENSK	120	120	5 600	
	Totalt 101 MARKBEREDNING	0	0	8 000	4 000
4651 - Stryn	Totalt 141 KUNSTIG KVISTING	0	0	8 400	3 360

DRIFT I VANSKELEG TERRENG 2021

KOMMUNE	Driftskostnader	Utbetalt tilskot	Areal (dekar)	Kvantum (m ³)
Gulen	79 000	41 600	32	520
Høyanger	2 003 000	695 800	98	4 970
Sogndal	3 568 500	1 582 400	423	9 300
Sunnfjord	80 000	37 500	6	250
Stad	1 113 000	373 200	52	2 700
Totalsum	6 843 500	2 730 500	611	17 740



Taubanedrift i Stryn

LØYVINGAR TIL SKOGSVEGAR OG FERDIGGODKJENDTE I SOGN OG FJORDANE 2021


	VEGNAMN	VEG- KLASSE		LØYVING 2021	UTBETALT 2021
KINN	PURKEHOLA II	4	SOMMERBILVEI M/HENGR		270 000
KINN	SØRSKOGVEGEN	8	LETT TRAKTORVEI		48 000
HØYANGER	YTRE BERGE SKOGSVEG	5	SOMMERBILVEI U/HENGR		210 000
HØYANGER	GAMLESTØLVEGEN 3	5	SOMMERBILVEI U/HENGR	1 080	183 600
HØYANGER	AVEDALSVEGEN 1 OG 2	4	SOMMERBILVEI M/HENGR		380 000
HØYANGER	VÅRSTØLLIAVEGEN	4	SOMMERBILVEI M/HENGR	264 000	
VIK	UTLETEIGVEGEN	7	TUNG TRAKTORVEI	148 848	308 148
SOGNDAL	STEGURI	7	TUNG TRAKTORVEI	162 000	
SOGNDAL	HATLEHAUGVEGEN	7	TUNG TRAKTORVEI	210 000	189 000
LUSTER	VÅRSTØLVEGEN	7	TUNG TRAKTORVEI		56 622
LUSTER	VENDEHAMMER 2 SIMOSETEVEGEN	3	HELÅRS LANDBRUKSVEI	21 000	21 000
ASKVOLL	LIAVEGEN, PARSELL STØLSLIVEGEN	7	TUNG TRAKTORVEI		63 000
ASKVOLL	BAKKEVATNVEGEN	7	TUNG TRAKTORVEI	180 000	57 600
ASKVOLL	HYSKARLIVEGEN	7	TUNG TRAKTORVEI		
FJALER	DYRKINGSVEG PÅ LØSET	8	LETT TRAKTORVEI		
FJALER	KREKJEDALSVEGEN - PARSELL 3	5	SOMMERBILVEI U/HENGR		110 000
FJALER	VIKAKLETTVEGEN	5	SOMMERBILVEI U/HENGR		90 000
FJALER	NIPA	3	HELÅRS LANDBRUKSVEI	1 260 000	
FJALER	STOREHAUGVEGEN	3	HELÅRS LANDBRUKSVEI	180 000	
FJALER	ØYKJEÅSVEGEN	7	TUNG TRAKTORVEI	260 000	
SUNNFJORD	VIKALIVEGEN	4	SOMMERBILVEI M/HENGR	744 348	
SUNNFJORD	DALVEGEN	7	TUNG TRAKTORVEI	100 000	111 925
SUNNFJORD	BLÅBÆRHAUGVEGEN	4	SOMMERBILVEI M/HENGR		288 120
SUNNFJORD	ØYRANEVEGEN	5	SOMMERBILVEI U/HENGR	1 150 000	1 015 140
SUNNFJORD	RIMMAVEGEN	4	SOMMERBILVEI M/HENGR		377 000
SUNNFJORD	SOLSIDEVEGEN	3	HELÅRS LANDBRUKSVEI		30 400
SUNNFJORD	APALSETSKOGVEGEN	7	TUNG TRAKTORVEI	47 500	47 500
STAD	RAMBERGVEGEN 2 PARSELL 1	7	TUNG TRAKTORVEI		
STAD	SÆTREBAKKVEGEN PARSELL 1	7	TUNG TRAKTORVEI		
STAD	TORHEIMVEGEN	7	TUNG TRAKTORVEI	150 000	
STAD	KALVEMYRVEGEN	8	LETT TRAKTORVEI		6 000
STAD	ROTVELTEVEGEN II	4	SOMMERBILVEI M/HENGR	226 054	
STAD	NAUSAVEGEN	4	SOMMERBILVEI M/HENGR	486 000	
STAD	ROTVELTEVEGEN	4	SOMMERBILVEI M/HENGR	126 000	
GLOPPEN	RANDIVEGANE	5	SOMMERBILVEI U/HENGR	73 608	
GLOPPEN	LIAHOLTVEGEN	7	TUNG TRAKTORVEI		22 000
GLOPPEN	VELTEPLASS SKÅR	V	VELTEPLASS	60 750	54 675
GLOPPEN	ØVRE FJØSVEGEN	4	SOMMERBILVEI M/HENGR	135 000	
GLOPPEN	VELTEPLASS - ALMSMARKVEGEN II	V	VELTEPLASS	90 000	
STRYN	LIASETVEGEN	4	SOMMERBILVEI M/HENGR		68 850
STRYN	SLETTEVEGEN II	8	LETT TRAKTORVEI		60 000
STRYN	SKOGSBILVEG STAURI	4	SOMMERBILVEI M/HENGR		146 405
STRYN	JØLAVEGEN	7	TUNG TRAKTORVEI		168 000
STRYN	FLOTENE	5	SOMMERBILVEI U/HENGR		180 000
STRYN	SNUPLASS DEMMEMYRVEGEN	4	SOMMERBILVEI M/HENGR		9 706
STRYN	PELLEVEGEN	7	TUNG TRAKTORVEI		27 600
STRYN	KLYPEVEGEN	4	SOMMERBILVEI M/HENGR	245 000	1 072 243
STRYN	LUNNEPLASS VED KLYPEVEGEN	4	SOMMERBILVEI M/HENGR	91 287	
				6 412 475	5 672 534

LØYVINGAR TIL SKOGSVEGAR OG FERDIGGODKJENDTE I SOGN OG FJORDANE 2021

	TOTALT			NY-ANLEGG			OM-BYGGING			GOD-KJEND
	KOSTNAD (KR)	TILSKOT (KR)	BRUER (TAL)	LENGDE (M)	KOSTNAD (KR)	TILSKOT (KR)	LENGDE (KR)	KOSTNAD (KR)	TILSKOT (KR)	
	120 000	48 000		550	120 000	48 000	145			*
	350 000	210 000					220	350 000	210 000	*
	680 000	183 600					946	680 000	183 600	*
	1 300 000	580 000		1 200	1 300 000	580 000				*
	684 773	308 148		588	684 773	308 148				*
	38 295	21 000		25	38 295	21 000				*
	114 240	19 992		130	114 240	19 992				*
	180 328	110 000		382	180 328	110 000				*
	150 000	90 000		133	150 000	90 000				*
	366 764	175 000		650	366 764	175 000				*
	61 823	30 400					30	61 823	30 400	*
	95 000	47 500		80	95 000	47 500				*
	115 490	63 520		150	115 490	63 520				*
	65 000	26 000		133	65 000	26 000				*
	153 000	60 000		109	73 000	28 627	145	80 000	31 373	*
	71 209	22 000	1					71 209	22 000	*
	8 840 001	688 500		3 772	8 840 001	688 500				*
	401 556	60 000		600	401 556	60 000				*
	476 565	315 000		381	476 565	315 000	340			*
	437 200	168 000		612	437 200	168 000				*
	345 070	180 000		165	345 070	180 000				*
	30 331	9 706	1					30 331	9 706	*
	276 000	27 600		116	276 000	27 600				*
	15 352 645	3 443 966	2	9 776	14 079 282	2 956 887	1 826	1 273 363	487 079	23

ÅRSMELDING FOR 2021 - FYLKESKOGMEISTER I TEKNISKE FAG

I 2021 vart det hogd 145 000 m³ i dei kommunane som tidlegare utgjorde Sogn og Fjordane. Sagtømmerdelen var 76% og snittprisen på sagtømmer av gran var kr 483 per m³. Massevirkeprisen var kr 218 per m³. 9% av hogsten var Sitka, mens berre 2% var furu.



I diagrammet har eg teikna inn verdiendring for sagtømmer i Sogn og Fjordane-kommunane i perioden 2010 – 2021, og verdiendring av produsentpris (sagbruk) for trelast i same periode. 2021 er sett til 100% (Kjelder er SSB og virkesomsetning frå skogfondsystemet).

Sagtømmerprisen har ganske store endringar frå år til år, og utviklinga har i store delar av perioden ligge lågare enn konsumprisindeksen. Produsentprisen på trelast i Norge er jamnare og har stege i takt med , eller meir enn konsumprisindeksen, før bykset frå kr 2 500 til kr 3 500 per m³ trelast, over 40%, frå 2020 til 2021.

No er det dessverre ikkje sagbruk av særleg storleik i Sogn og Fjordane-delen av Vestland. Det er også ganske usikkert om trelastprisane kjem til å halde seg so høge også i framtida, men gode indikatorar er at trelast er ei viktig del av det grønne skiftet og etterspunaden i verdsmarknaden er vedvarande høg. Om vi legg til grunn ein trelastpris på kr 3 000 per m³ vert foredlingsverdien (i første hand) av dei 105 000 m³ med sagtømmer vi eksporterte til utlandet i fjor 200 millionar kronar. Det er fire gongar høgare enn tømmerverdien for skogeigarane. Dessverre har ikkje rammevilkåra for etablering av sagbruk vore til stades, sjølv om det er både klimavenleg, kortreist, berekraftig og lønsamt at vi sjølv foredlar det verdifulle tømmeret vi produserer her på vestlandet. Samstundes mottek andre og langt mindre berekraftige næringar store overføringar i form av skattelettar og tilskot.

Vi må rekne med at energi og dermed drivstoffprisane kjem til å halde seg høge, lang transport av råvarer som tømmer kjem difor til å koste meir i framtida. Det er

direkte flaut å sjå på at barnelæra for mange av oss, kunnskapen om verdien av å foredle råvarene lokalt, sjølvne berebjelken i den industrialiserte verda, synast tapt for dei som har makt til å endre rammevilkåra, kanskje i skodda av oljedamp, misforstått miljøkamp og utemte marknadskrefter.

Eg har tidlegare vore med på å vurdere at det er vanskeleg å forsvare etableringskostnadane for mindre sagbruk. Rikeleg med areal er naudsynt for alle sagbruk, men som regel mangelvare for dei fleste, og særleg om dei skal ligge ved kai. Vestland fylke, særleg frå Gulen og sørover, har relativt godt med flate og lavtliggande område ved sjø der arealbrukskonflikten ikkje er veldig stor, og som kunne vere velegna for storsagbruk og tilhøyrande trebasert industri.

Eg trur likevel ein annan veg å gå er at vi på nytt må tenke tradisjonell sagbruksplassering, optimalisert for å minimere tømmertransportkostnadane. Det burde vere mogleg å utvikle høgautomatiserte løysingar for mindre, lokale sagbruk med storleik 25 000 - 50 000 m³ årleg. Kanskje Skogselskapet, Fylkeskommunen og Statsforvaltaren saman kunne utfordra heile teknologimiljøet i det gamle Sogn og Fjordane til eit konseptprosjekt for ei høgautomatisert sagline med ein viss mobilitet? I realiteten tek ikkje ei slik sag særleg meir plass enn ein 40 fots container.

Det er tilsvarande og kanskje vel så store utfordringar kring logistikk og virkeslager, trelast-sortering, -tørke og -lager. Den våte draumen er sjølvstøtt å ha mest mogleg av virkeslageret i skogen og at mest mogleg av trelasta går rett til byggeplass eller forhandlar etter tørking. Ein skulle tru at det med dagens netthandelsløysingar og velkjende lean-metodikk kunne vere mogleg å forbetre internlogistikken på sagbruket vesentleg.

Sist, men ikkje minst viktig; det er ikkje nok å stoppe opp med ordinær trelastproduksjon. Trelast er i stor grad eit halvfabrikat som skal foredlast ytterlegare. Fabrikkmontasje av delar til hus kan senke byggekostnadane monaleg. Dagens CAD- og 3D-dataprogram legg grunnlaget for tilpassa fabrikkproduksjon, utan at det er serieproduksjon, av arkitektteikna hus.

Vonar at dette kan vere ei gnist til å sparke liv i prosessar som leiar til meir vidareforedling lokalt av tømmeret frå Vestlandet.

Torkel Hofseth
Fylkeskogmeister

ÅRSMELDING SKOG I SOGN 2021

Skog i Sogn er ei fast ordning for alle dei 7 kommunane i Sogn Region, eit interkommunalt samarbeid. Ressursar til ei fagleg god forvaltning vert kopla med ressursar til nærings- og utviklingsarbeid innan skogbruket, og ein har fått samla den skogfaglege miljøet i regionen på tre stillingar (2,6 årsverk). Det har vore store endringar i 2021. Finn Olav Myhren har teke over som leiar for samarbeidet etter Jørgen Hundseth som vart pensjonist sommaren 2021.

Christian Achilleas Dybro Karkalatos har teke over for Ingvild Hovland og er sakshandsamar for skogbruk i Høyanger kommune og Vik kommune.

Arne Kristian Borger er framleis sakshandsamar for Luster, og for ÅLA kommunane. Skog i Sogn har og nært samarbeid med At-skog og Skogselskapet i Sogn og Fjordane.

SKOGSDRIFT

Avvirkingsstatistikken for 2021 viser at det blei omsett 42 133 kbm (26 986 kbm i 2020) bartrevirke. Av dette var 40 840 kbm gran (25 919) og 1 293 kbm furu (1 067), som og viser at furua er meir krevjande å få omsett. Fyrstehandsverdien er på omlag kr 18 mill. Godt over halvparten av kvantumet (25.000 kbm) er blitt hogd i Luster, der to skogsentreprenørar har operert store delar av året.

Det er løyvd og utbetalt statstilskot til i alt 13 ferdige taubanedrifter i 2021, summen på driftstilskotet kr 4.078.335

SKOGKULTUR

31 skogeigarar (15 i 2020) har hatt aktivitet med skogkultur i Vik, Luster, Sogndal og Høyanger. Det er innan tilskotsforvaltninga gjeve tilskot til saman 98.895 granplanter (30 000 i 2020). Dette svarar til ca. 400 daa med plante mark, i tillegg til ca. 1500 planter som er suppleringsplanting.

Det har vore utført ungskogpleie på i alt 334 daa (24) Det er planta 830 stk. juletre (1000), i Lærdal og Sogndal.

Det er utført markriving/markberedning for naturleg forynging av furu på 28 daa.

SKOGSVEGBYGGING

Det har dei siste åra vært stor aktivitet på skogsvegbygging. Og mange skogsvegprosjekt er under bygging. I 2021 er det betalt ut kr. 1 019 222 i tilskot til seks av skogsveganlegga som er under bygging. Berre to anlegg vart ferdiggodkjent i 2021

RESULTATKONTROLL OG FORYNGINGSKONTROLL

Det har vore trekt ut 3 felt for resultatkontroll. Når det gjeld drifter over 250 kbm der det ikkje er registrert planting innan tre år skal kommunen følgje opp og dette vert omtala som foryngingskontroll. 5 skogeigarar har stått på denne lista i 2021.

KURS, FAG- OG SKOGDAGAR

Det har vore arrangert i alt 11 motorsagkurs fordelt på Gaupne i Luster, Lærdal, Sogndal sentrum, Balestrand og Vik og eit kurs i ungskogpleie i Høyanger. I tillegg har Skog i Sogn åleine eller i samarbeid med At-skog og eller Skogselskapet arrangert i alt 8 stk. skogdagar rundt omkring i regionane, med tema alt frå kapping til ungskogpleie. Vi har og vore til stades og hjulpet til ved to såkalla stubbekonsertar som Skogselskapet har arrangert, ein i Sogndal og ein annan i Skjolden, Luster.

PROSJEKTER

Prosjekt ungskogpleie. Fokus på avstandsregulering og stell av ung skog gjennom skogdagar, kurs, oppsøkende verksemd. Ekstern hjelp av aktiv skogbruk instruktør og tidlegare skogbrukssjef. Eige budsjett for dette som i 2021 har vore i det nest siste året.

OVERSIKT OVER SKOGVEGPROSJEKTA FERDIGGODKJENT 2021:

VEGNAMN	LENGDE OMB. m	LENGDE, NY. m	KOSTNAD, KR	STATSTILSKOT KR
Utleieigvegen, Vik		558	684.773	308.148
Simosetevegen Luster	vendehammar	30	38.295	21.000
Totalt	0	588	723.068	329.148

Gaupne 20.01.2022

Arne Kristian Borger
Christian Achilleas Dybro Karkalatos
Finn Olav Myhren

ÅRSMELDING 2021 -SKOGBRUKET I SUNNFJORD KOMMUNE

SKOGKULTUR:

Koronapandemien gav også dette året store problem med tilgang på utlandsk arbeidskraft (plantegjengar). Takka vere ei stor mobilisering frå ei samla skognæring/forvaltning, meldte mange ungdomar (og nokon vaksne) interesse for å jobbe med skogplanting. I Sunnfjord var fleire lokale plantegjengar i arbeid.

Mangel på arbeidskraft hadde nasjonal merksemd. Gjennom m.a. oppslag i media blei mange skogeigarar engasjerte og interessa for å bestille planter og plante sjølv auka også i 2021.

49 skogeigarar har utført/fått utført skogkulturarbeid i 2021.

- Nyplanting, 152 910 planter 646 daa.
- Suppleringsplanting, 13 525 planter 97 daa.
- Etablering av juletreproduksjon 2 600 planter 5 daa.
- Ungskogpleie, rydding og avstandsregulering i plantefelt 35 daa.
- Flaterydding/tilrettelegging av foryngingsfelt 5 daa.
- Gjødsling fastmark (granskog) 37 daa

Totalt kostnadar/investeringar i skogkultur kr 1 169 116.

Samla utbetalt tilskot kr 696 520.

SKOGSDRIFT:

Hogstaktiviteten gjennom virkeskjøparar og deira entreprenørar er jamt over høg i Sunnfjord. Vi ser også ei auke interesse for eigenhogst.

Det er levert 45 776 m³ tømmer. Treslagsfordelinga er 45 509 m³ gran og 227 m³ furu. Gjennomsnittspris for gran kr 430/m³, og for furu kr 341/m³. Ved til brensel er oppgjeve til 40 m³. Samla bruttoverdi er på kr 19 693 876 Rapportert sal av juletre 3 081 stk.

Det er løyvd og utbetalt kr 573 258 i tilskot (3 956 m³) til drift i vanskeleg terreng (taubane, slepebane og hest).

SKOGSVEGAR:

AVSLUTTA SKOGSVEGPROSJEKT I 2021:

- Reperasjon/ombygging på Solsidevegen, om lag 30 m (kl 3). Utbetalt tilskot kr 30 400.
- Apalsetskogvegen 80 m vegklasse 7. Utbetalt tilskot kr 47 500.
- Dalvegen 650 m vegklasse 7. Utbetalt tilskot 175 000.

NYE BYGGESØKNADER:

Det er søkt om og gjeve løyve til bygging av 21 nye skogsvegar i 2021.

- 16 vegar i klasse 8 med samla lengd på om lag 6 680 m.
- 3 vegar i klasse 7 med samla lengd på om lag 520 m.
- 2 vegar i klasse 4, 1 120 m

Av desse vegane er 5 traktorvegar i kl. 8 ferdig bygde og ein i klasse 7. Ein bilveg i klasse 4 er også ferdig bygd.

SKOGSKADER:

Det er også i 2021 observert/kartlagt, og motteke meldingar om skader av snutebille, tørre planter og beiteskader på plantefelt. Avgangen i mange plantefelt er framleis alt for stor. Andre skader av omfang på skog er ikkje observert eller meldt.

KURS/ARRANGEMENT:

Gjennom prosjekt (Skogselskapet og AT-Skog)

- Skogdag på Mo 21 januar (vetteplassen ved Baubrekkka). Tema var i hovudsak kapping av tømmer, men og litt informasjon om hogst, prisar og tømmermarknad.
- Skogdag på Eikås 30 april. Tema ungskogpleie i plantefelt. Regulering i furufelt

Skogselskapet

- Plantedag. Kurs for nye skogplantarar 10 juni
- Moskog «Stubbekonsertar» 3 og 18 juli

Skogfond:

Innestående skogfond pr. 31.12.2021: kr 8 890 123.



Stubbekonsert og familiedag på Moskog

Februar 2022
Oddbjørn Sellevoll
Henning Maiones

ÅRSMELDING 2021 -SKOGBRUKET I GLOPPEN

AVVERKING

Det vart avverka 17 852 m³ totalt i Gloppen i 2021 med ein samla verdi på kr 8 674 050. Dette er ein kraftig oppgang frå 2020 då det var levert i overkant av 1000 m³. Sagtømmerprosenten var 75 %. Gran utgjorde 96 % av det som vart avverka. Det var i tillegg avverka 145 m³ med ved til brensel.

Gjennomsnittleg skogfondstrekk var på 10 %.

SKOGBKULTUR

I 2021 var det nyplanta på 156 dekar og suppleringsplanta på 45 dekar. Totalt var det gjennomført ungskogpleie på 30 dekar. Totalt 13 skogeigarar fekk tilskot. Skogsveggar

Kommunen har handsama nokre få søknadar i løpet av 2021 der det har vore gjennomført hogst, men der dette har vore forholdsvis små prosjekt. Det er også gjeve løyve til eit par traktorvegprosjekt i samband med eigenhogst. Vidare har kommunen handsama søknadar knytt til opprusting av eksisterande skogsveggar og utbetring av desse med til dømes velteplassar. Møteverksemd knytt til drøfting for større fellesprosjekt har vore utfordrande å gjennomføre i 2021 med pandemi.

ANNA AKTIVITET

Kommunen har eit godt samarbeid med Sogn og Fjordane skogselskap og peikar på at det er viktig at vi har god aktivitet på kompetansehevingssida. Faglege

arrangement er viktig for å auke interessa for å forvalte skogen og for å auke kompetansen blant skogeigarane slik at dei kan forvalte skogen på best mogleg måte. I Gloppen kommune har det i 2021 vore gjennomført kappedag, motorsagkurs, ungskogpleiedag, plantekurs og motorsagkurs som har vore gode og attraktive arrangement. Kommunen sender også ut nyheitsbrev frå landbrukskontoret der vi har med aktuelt skogrelevant stoff.

OPPSUMMERING

Vi ser at det vert auka interesse og fleire spørsmål om skog når prisane er gode. Samstundes er det positivt at det også i nyheitsbiletet vert meir fokus på skog relatert til klima. Det er stor trong for auka kunnskap og kommunen er avhengig av eit godt samarbeid med andre aktørar for å kunne auke bevisstheita rundt skog, skogsvegplanlegging og god skogskjøtsel. Kommunen meiner det er viktig at Sogn og Fjordane skogselskap held fram med den gode aktiviteten på å vere ein tilrettelegar for kurs i samarbeid med kommunane, at ein også kan tilby planleggarkompetanse til skogeigarar, men også vere ein ressurs for kommunane. Skogareala i kommunen har stort behov for ungskogpleie og dette er noko kommunen ynskjer å arbeide vidare med i året som kjem.

Sandane, februar 2021

*Karoline Bjerkeset, landbruksrådgjevar,
landbrukskontoret i Gloppen og Stad*



Skogdag på Stokke i Gloppen

ÅRSMELDING SKOG I GULEN 2021

HOGST.

Det er hogge for sal 581 m³.

Sagtømmer: 209 m³, snittpris pr m³: kr.: 445

Massevirke: 369 m³, snittpris pr m³: kr.: 191

Det aller meste som vert hogd er gran. Berre massevirke furu på 24 m³ var anna sortiment.

KURS, FAG- OG SKOGSDAGAR.

Det vart arrangert skogdag i Midtundalen 5. februar. Tema var rett kapping, tømmerprisar og informasjon frå kommunen.

Vidare var det skogdag i Takledalen 27. september i eit felt der sitkagrana kjem godt etter hogst. Tema var stell av ungsog, spesielt sitkagran. Ein orienterte også om planting, tømmerprisar og tilskotsordningar. Skogdagane er i samarbeid med Sogn og Fjordane skogselskap, AT Skog og Gulen skogeigarlag.

DRIFTSTILSKOT.

Det er utbetalt kr. 33 120,- til drift i vanskeleg terreng. Dette året gjeld det skogeigarar som hogg sjølve.

SKOGSVEGAR.

Det er ikkje bygd skogsveggar med tilsot i 2021.

SKOGKULTUR/SKOGSKJØTSEL.

I Gulen er det betalt ut kr. 25 828,- som tilskot til planting. I tillegg kjem kr. 3796 som ekstra tilskot for tettare planting. I alt kr.: 29 624,-.

Det er planta 7700 plantar, gran på eit areal på 32 daa

RESULTATKONTROLL OG FORYNGINGSKONTROLL.

Det har ikkje vore slike kontrollar i 2021.



Skogdag med fokus på ungsogpleie av sitkagran i Takledalen

ÅRSMELDING 2021 -SKOGBRUKET I STAD

AVVERKING

I Stad kommune vart det avverka 8 823 m³ med ein samla verdi på kr 3 117 652. Sagtømmer utgjorde 60 %. Dette er ein stor nedgang samanlikna med 2020. Gran utgjorde 92 % av det som vart avverka. Vidare vart det avverka 161 m³ ved til brensel og 125 m³ som juletre.

Gjennomsnittleg skogfondstrekking var på 12 %.

SKOGKULTUR

I løpet av 2021 vart det nyplanta på 261 dekar og suppleringsplanta på 76 dekar. Kommunen løyvde kr 230 676 i tilskot til dette. Det var ikkje dreve ungskogpleie som det er søkt om skogfond og tilskot til. Totalt 22 skogeigarar fekk tilskot. Samstundes veit vi at det var nokre søkjarar som ikkje fekk inn søknad i tide til å kome med i tildelinga for 2021 og at det også har vore planta, men der søknad ikkje er kome inn til kommunen.

SKOGSVEGAR

Det har vore lite aktivitet på skogsvegbygging i Stad i 2021. Kommunen har handsama nokre få søknadar som har vore mindre prosjekt. Samstundes er arbeidet med nye skogbruksplanar no i sluttfasen slik at kommunen reknar med å få inn fleire søknadar i åra som kjem der det er hogstmogen skog.

ANNA AKTIVITET

Kommunen har eit godt samarbeid med Sogn og Fjordane skogselskap og peikar på at det er viktig at vi har god aktivitet på kompetansehevingssida. Faglege arrangement er viktig for å auke interessa for å forvalte

skogen og for å auke kompetansen blant skogeigarane slik at dei kan forvalte skogen på best mogleg måte. Vi meiner det difor er viktig at Sogn og Fjordane skogselskap held fram med den gode aktiviteten på å vere ein tilretteleggar for kurs i samarbeid med kommunane. Det har vore gjennomført mellom anna kappedag, motorsagkurs og fagmøte om sitkagran som har vore gode arrangement. Særleg kappedagar og motorsagkurs er attraktive kurs for skogeigarane. Kommunen sender også ut nyheitsbrev frå landbrukskontoret der vi har med aktuelt skogrelevant stoff.

OPPSUMMERING

Vi ser at det vert auka interesse og fleire spørsmål om skog når prisane er gode. Samstundes er det positivt at det også i nyheitsbiletet vert meir fokus på skog relatert til klima. Det er stor trong for auka kunnskap og kommunen er avhengig av eit godt samarbeid med andre aktørar for å kunne auke bevisstheita rundt skog, skogsvegplanlegging og god skogskjøtsel. Kommunen meiner det er viktig at Sogn og Fjordane skogselskap held fram med den gode aktiviteten på å vere ein tilretteleggar for kurs i samarbeid med kommunane, at ein også kan tilby planleggar-kompetanse til skogeigarar, men også vere ein ressurs for kommunane. Skogareala i kommunen har stort behov for ungskogpleie og dette er noko kommunen ynskjer å arbeide vidare med i året som kjem.

Sandane, februar 2021

*Karoline Bjerkeset, landbruksrådgjevar,
landbrukskontoret i Gloppen og Stad*



Kappedag i Eid i Stad kommune



Skogdag i Innvik



Taubanedrift, Kaupanger



Nissefest på Brandsøy



Skogdag i Førde, Sunnfjord



Skuleskogdag i Feios



Planteopplæring av norsk ungdom i Nordfjardeid

Junkkari flishugger HJ-172/252

HJ-172/252 med 450 og
HJ-261 med 90° innmater vinkel.
Kraftige og effektive. Fire kniver.
Innmatingsåpning fra 17–26 cm
avhengig av modell. Hydraulisk
innmating og NO-stress turtallsvakt.

Junkkari

NO-STRESS
TURSTALLSVAKT
MED I PRISEN

Kampanje-
pris!



Snakk med oss om vedutstyr!

Eiksenteret Førde
Øyrane, 6800 Førde
tlf. 57 83 43 83

EIK
SENTERET
eiksenteret.no

EIKÅS SKOGSDRIFT



**Mange års
erfaring
i vestland-
skogen!**

VI TAR PÅ OSS:

- Hogst
- Framkøyring til bilveg
- Markberedning

EIKÅS SKOGSDRIFT A.S

Bordvegen 5, 6854 Kaupanger • tlf. 976 48 482 • jarle@eikaas-skogsdrift.no

T. FRIVIK

Taubanedrift AS



- Vi tar skogsdrifter med taubaner over heile landet.
- Vi driver nå med 4 tilhengermonterte baner.
En stor gravemaskin til hver bane som kvister og kapper.
- Vi har base på Kyrkjebø, og er forhandler for Wyssen Seilbahnen og Ecoforest.



Ecoforest

T. Frivik Taubanedrift AS ble etablert i 2004 og er nå den ledende aktøren i Norge på uttak av tømmer i bratt terreng samt montering/demontering av rørgater i bratt terreng. Vi påtar oss alle typer oppdrag innen for skogsdrift, materialtransport og anleggsvirksomhet. Vi har investert tungt i en maskinpark som gjør oss i stand til å dekke de fleste typer oppdrag med egne maskiner. Der hvor det er behov for spesielle maskiner, har vi et godt internasjonalt nettverk som gjør at vi kan leie inn spesialisert utstyr etter behov. Maskinparken består av 4 KMS tilhengermonterte kraner, 4 Doosan gravemaskiner med Woody 60 aggregat, Woodliner selvgående løpekatt i tillegg til det vanlige utvalget traktorer og tømmerhengere. Blant våre ansatte finner du alt fra skogsarbeidere til mekanikere, noe som sikrer svært høy driftssikkerhet og gjør at vi kan påta oss de aller fleste typer oppdrag.

